

# Danielsen Skule

Detaljregulering:  
gnr. 23, bnr. 1 m.fl. Meland kommune

**Ard**  
arealplan



FORSLAGSTILLER SI PLANSKILDING AV  
30.09.16

Detaljreguleringsplan for  
**DANIELSEN SKULE, FREKHAUG**  
GNR 23 / BNR 1 M.FL

**MELAND KOMMUNE**

Planid.: 1256 2011 0005



## INNHALD

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar</b> .....	<b>4</b>
<b>3. Bakgrunn for planarbeidet</b> .....	<b>4</b>
<b>3.1. Intensjonen med planforslaget</b> .....	<b>5</b>
<b>4. Planprosessen</b> .....	<b>5</b>
<b>4.1. Varsling</b> .....	<b>5</b>
<b>4.2. Merknader i samband med varsling</b> .....	<b>6</b>
<b>4.3. Justering av planområdet</b> .....	<b>6</b>
<b>4.4. Oppsummert om planprosessen</b> .....	<b>6</b>
<b>5. Skildring av planområdet</b> .....	<b>6</b>
<b>5.1. Lokalisering</b> .....	<b>6</b>
<b>5.2. Avgrensing</b> .....	<b>6</b>
<b>5.3. Eksisterande bruk av området og omliggande areal</b> .....	<b>7</b>
<b>5.4. Topografi/landskapstrekk</b> .....	<b>8</b>
<b>5.5. Soltilhøve og klima</b> .....	<b>8</b>
<b>5.6. Naturmangfald</b> .....	<b>8</b>
<b>5.7. Grunntilhøve og geologi</b> .....	<b>9</b>
<b>5.8. Friluftsliv</b> .....	<b>9</b>
<b>5.9. Barn og unge</b> .....	<b>9</b>
<b>5.10. Landbruk</b> .....	<b>9</b>
<b>5.11. Kulturminne</b> .....	<b>10</b>
<b>5.12. Veg og trafikktilhøve</b> .....	<b>11</b>
<b>5.13. Støy</b> .....	<b>11</b>
<b>5.14. Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning</b> .....	<b>11</b>
<b>5.15. Vatn og avlaup</b> .....	<b>11</b>
<b>5.16. Anna offentleg servicetilbod</b> .....	<b>11</b>
<b>5.17. Risiko</b> .....	<b>11</b>
<b>5.18. Privatrettslege bindingAr</b> .....	<b>11</b>
<b>6. Gjeldande planstatus</b> .....	<b>12</b>
<b>6.1. Kommuneplan/kommunedelplan</b> .....	<b>12</b>
<b>6.2. Reguleringsplanar</b> .....	<b>12</b>
<b>6.3. Statlege og andre planretningsliner</b> .....	<b>13</b>
<b>6.4. Regionale planar</b> .....	<b>14</b>
<b>6.5. Særleg aktuelle kommunale planar</b> .....	<b>14</b>
<b>7. Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar</b> .....	<b>15</b>
<b>8. Skildring av planforslaget</b> .....	<b>15</b>
<b>8.1. Innleiing</b> .....	<b>15</b>
<b>8.2. Reguleringsføremål</b> .....	<b>15</b>
<b>8.3. Byggeføremål</b> .....	<b>15</b>
<b>8.4. Reguleringsplankart</b> .....	<b>16</b>
<b>8.5. Busetnad og anlegg</b> .....	<b>16</b>
<b>8.6. Leik/uteoppfallsareal</b> .....	<b>17</b>
<b>8.7. Trafikkareal</b> .....	<b>18</b>
<b>8.8. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b> .....	<b>18</b>
<b>8.9. Parkering</b> .....	<b>19</b>
<b>8.10. Støytiltak</b> .....	<b>19</b>
<b>8.11. universell utforming</b> .....	<b>19</b>

<b>8.12. Avfallshandtering/miljøstasjon</b> .....	<b>19</b>
<b>8.13. Risiko</b> .....	<b>20</b>
<b>9. Konsekvensar av planforslaget</b> .....	<b>20</b>
<b>9.1. Overordna planar og vedtak</b> .....	<b>20</b>
<b>9.2. Eksisterande reguleringsplanar</b> .....	<b>20</b>
<b>9.3. Estetikk / landskap</b> .....	<b>20</b>
<b>9.4. universell utforming</b> .....	<b>21</b>
<b>9.5. Konsekvensar for naboer</b> .....	<b>21</b>
<b>9.6. Trafikk- og parkeringstilhøve</b> .....	<b>21</b>
<b>9.7. Kulturminne</b> .....	<b>21</b>
<b>9.8. Landbruk</b> .....	<b>21</b>
<b>9.9. Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet</b> .....	<b>22</b>
<b>9.10. Klima</b> .....	<b>22</b>
<b>9.11. Privat og offentleg servicetilbod</b> .....	<b>22</b>
<b>9.12. Konsekvensar for næringsinteresser</b> .....	<b>23</b>
<b>9.13. Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen</b> .....	<b>23</b>
<b>9.14. Ros-analyse</b> .....	<b>23</b>
<b>10. Merknadar</b> .....	<b>25</b>
<b>10.1. Merknadar ved oppstart</b> .....	<b>25</b>
<b>11. Forslagsstiller sin avsluttande kommentar</b> .....	<b>26</b>

#### FIGURLISTE

<i>Figur 1. Bedehuset, med nytt tilbygg, har fungert som midlertidig skule frå hausten 2012 (ill: Nævdal bygg)</i> .....	<i>5</i>
<i>Figur 2. Annonse frå Nordhordland 18.06.2011</i> .....	<i>5</i>
<i>Figur 3. Oversiktskart Meland kommune</i> .....	<i>6</i>
<i>Figur 4. Planen si avgrensing</i> .....	<i>7</i>
<i>Figur 5. Planområdet frå aust (over), samt sør</i> .....	<i>7</i>
<i>Figur 6. Bilete av Frekhaug stål og einebustadar ved Mjåtveitvegen</i> .....	<i>8</i>
<i>Figur 7. Illustrasjon av landskapet i og rundt Frekhaug (Norge i 3d)</i> .....	<i>8</i>
<i>Figur 8. Planlagd skule i høve til friområde</i> .....	<i>9</i>
<i>Figur 9. Leiketun barnehage</i> .....	<i>9</i>
<i>Figur 10. Beite aust i planområdet</i> .....	<i>10</i>
<i>Figur 11. AR5 kartlegging av markslag (Skog og landskap)</i> .....	<i>10</i>
<i>Figur 12. Freda hovudhus på garden Frekhaug</i> .....	<i>11</i>
<i>Figur 13. Kommuneplanen sin arealdel 2005-2017</i> .....	<i>12</i>
<i>Figur 14. Kommuneplanen for Meland kommune for tida 2015 – 2027. Planområdet lagt omtrentleg over</i> .....	<i>12</i>
<i>Figur 15. Vedteken reguleringsplan Frekhaug Senter Vest. planID 1256 1995 1011</i> .....	<i>13</i>
<i>Figur 16. Plankart</i> .....	<i>16</i>
<i>Figur 17. Badevika. Kjelde: atlas.no</i> .....	<i>17</i>
<i>Figur 18. Trafikkareal – illustrasjon av parkeringsareal, busslommer, gangveggar og fortau</i> .....	<i>18</i>
<i>Figur 19. Uteopphaldsareal for barnehage, naturleg avgrensa av eksisterande gjerde</i> .....	<i>22</i>
<i>Figur 20. Skråfoto frå området - ikkje heilt oppdatert i høve til dagens bruk. Kjelde atlas.no</i> .....	<i>22</i>

## 1. SAMANDRAG

Planforslaget legg rammene for utbygging av ny, privat ungdomsskule på Frekhaug. Ein legg opp til ein skule med potensial for gode uteareal og med tilgjengelegheit til friområde langs sjø. Skulen skal på sikt kunne ha plass til ni klassar, altså om lag 270 elevar. Ein ser føre seg eit nytt skulebygg på rundt 3000 m<sup>2</sup> bruksareal over to etasjar. Planen opnar opp for ei utnytting på opp mot 4000m<sup>2</sup>. Dette er gjort for å sikre fleksibilitet rundt detaljplanlegging av bygget. Det skal lysast ut arkitekttevling for dette arbeidet.

Side | 4

Løysing av trafikkale utfordringar har vore sentralt i planprosessen. Undervegs i prosessen frå planoppstart i 2011 fram til i dag har nokre tilhøve vorte avklara og dette er tatt omsyn til i oppdatert planskildring. Det er lagt opp til ei utbetring av det lokale vegsystemet der dei mjuke trafikantane er tatt omsyn til. Det skal vere mogleg å gå og sykle trygt til skulen. Det er gjennomgåande regulert fortau langs veg og knytt rekkjefølgjekrav til desse. Dette for å sikre mjuke trafikantar i og rundt skuleområdet.

I planen har ein òg nytta høvet til å sikre eksisterande barnehage ei utviding av sitt uteareal. Dette arealet har stort potensial som leikeområde då det delvis er nokså flatt, men òg inneheld ein haug med skog som innbyr til andre former for leik enn det eit tradisjonelt leikeområde gjer.

Planarbeidet har av ulike årsaker lagt stille ei tid etter offentleg ettersyn. No ønskjer ein å fullføre reguleringsarbeidet og få vedtatt ein fullført reguleringsplan for ny privat ungdomsskule på Frekhaug.


## 2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Gardsnamn (adresse)	Mjåtveitvegen 2, Frekhaug
Gardsnr./bruksnr.	23/1,337,296,505,142,519
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Kommuneplan: Offentleg, allmennyttig, bustad, LNF. Reguleringsplan: Offentleg, allmennyttig, bustad, jordbruk.
Forslagstillar	Nordhordland Indremisjon
Grunneigar (sentrale)	23/1,142,296,1: Nordhordland Indremisjon 23/519: Nordhordland Folkehøgskole 23/337: Anne Lise og Kåre Geitanger
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføre mål	Utdanning
Planområdets størrelse i daa	Om lag 30 daa
Tal på nye bustader/nytt næringsareal (BRA)	Planlagd ny BRA: 3000m <sup>2</sup> . Planen opnar opp for maksimal ny BRA på 4000m <sup>2</sup> .
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Støy, trafikk
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	N
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	N
Kunngjering oppstart, dato	18.06.2011 i Nordhordland
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	N

## 3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Frekhaug Indremisjon eig bedehuset, og dei eig og driv Leiketun barnehage. Frå og med hausten 2012 starta Danielsen ungdomsskule opp. Skulen heldt i første omgang til i bedehuset, i tillegg til i modulbygg på plassen utanfor bedehuset.

Med godkjent planforslag vil ein med tida ha høve til å leggje til rette for nye bygg for ungdomsskulen. På sikt skal den nye skulen ha kapasitet til å kunne ta i mot om lag 270 elevar (ni klassar).



Figur 1. Bedehuset, med nytt tilbygg, har fungert som midlertidig skule frå hausten 2012 (ill: Nævdal bygg).

### 3.1. INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Med planforslaget ynskjer ein å leggje til rette for oppføring av ny ungdomsskule. Samstundes vil ein opne for at eksisterande barnehage får moglegheit til å opparbeida attraktive og varierende uteopphaldsareal i nær avstand til barnehagen.

## 4. PLANPROSESSEN


### 4.1. VARSLING

Oppstart av planarbeid vart varsla til naboar og offentlege mynde i brev av 10.06.2011. Planarbeidet vart vidare varsla i avisa Nordhordland 18.06.2011. Frist for å kome med fråsegn/merknadar vart sett til 5.08.11.

OPPSTART AV PLANARBEID
<p>I MEDHALD AV LOV OM PLANLEGGING OG BYGGESAKS-BEHANDLING (PBL) § 12-8 (OPPSTART AV REGULERINGS-PLANARBEID) BLIR DET VARSLA AT DET SKAL SETJAST I GONG DETALJREGULERING FOR GNR. 23, BNR. 1 M.FL. DANIELSEN SKULE, FREKHAUG, MELAND KOMMUNE</p>
<p>Nordhordland Indremisjon er tiltakshavar. Plan Vest Bergen As er konsulent for reguleringsplanarbeidet. Planområdet er avgrensa som synt på kartutsnittet, er på om lag 28 daa og ligg på Frekhaug. Formålet med å utarbeide ny reguleringsplan med tilhørande føresegner er å leggje til rette for skule og tilhørande infrastruktur. Arbeidet tek utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan for området. Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Les meir på <a href="http://www.planvest.no">www.planvest.no</a>. Merknader som kan ha verknad for planarbeidet kan sendast elektronisk til <a href="mailto:postbergen@planvestbergen.no">postbergen@planvestbergen.no</a> eller til Plan Vest Bergen As, Domkirkegaten 3, 5017 Bergen innan 05.08.11. Alle mottekne dokument vert sendt kommunen saman med planframlegget. Meir informasjon kan du få ved å kontakte Plan Vest Bergen As på tlf 55 31 95 00.</p>

Figur 2. Annonse frå Nordhordland 18.06.2011





Figur 4. Planen si avgrensing etter utviding - sett inn omtrentleg.

### 5.3. EKSISTERANDE BRUK AV OMRÅDET OG OMLIGGANDE AREAL


Sjølve planområdet består i dag av landbruksareal, barnehage, bedehus og ein einebustad. Barnehagen er av nyare dato, medan bedehus og bustadhuset er noko eldre.



Figur 5. Planområdet frå aust (over), samt sør.

Rundt planområdet ligg det innslag av dyrka mark. Frekhaug stål har sitt produksjonsbygg om lag 80 meter frå det planlagde utbyggingsområdet. Bedrifta har konsesjon for døgkontinuerleg drift og produserer noko støy og mindre røykutslepp. Det er òg noko tungtrafikk til og frå næringsområdet. Vest og sør for planområdet ligg det fleire einebustadar.





Figur 6. Bilete av Frekhaug stål og einebustadar ved Mjåtveitvegen.

#### 5.4. TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Landskapet i området er småkupert og elles dominert av skiljet mellom sjø og land. Arealet som ein ynskjer å bygge ut er lite eksponert i topografien. Det nære landskapet er dominert av bygde strukturar og eldre landbruksteigar.



Figur 7. Illustrasjon av landskapet i og rundt Frekhaug (Norge i 3d).

#### 5.5. SOLTILHØVE OG KLIMA

Området ligg sørvendt og har gode soltilhøve på storparten av tomta. Området ligg i hovudsak skjerma for vind frå nord og aust.

#### 5.6. NATURMANGFALD

Det er ikkje registrert særskilte naturtilhøve i planområdet. Arealen består i all hovudsak av dyrka mark/eng og bygde strukturar. Ut over dette er det ein mindre kolle der det står blandingsskog.


### 5.7. GRUNNTILHØVE OG GEOLOGI

Byggegrunnen består av granittisk gneis, stadvis med mesoperthitt, amfibolrik gneis og amfibolitt. Over ligg det forvittringsmateriale med jorddekke.<sup>1</sup>Det er ingen spesielle geologiske ressursar i planområdet.

### 5.8. FRILUFTSLIV

Planområdet har ikkje kjente friluftslivsinteresser. Aust for planområdet ligg Varnappen og Badevika, som er friområde ved sjø.

Side | 9



Figur 8. Planlagd skule i høve til friområde.

### 5.9. BARN OG UNGE

Leiketun barnehage ligg i dag i planområdet. Barnehagen vart tidlegare drevet i bedehuset, før det vart bygd ny barnehage på tilgrensande areal. Barnehagen har fire avdelingar og vart opna i 2005.




Figur 9. Leiketun barnehage

### 5.10. LANDBRUK

Store deler av planområdet er klassifisert som landbruksareal. På arealet som i eksisterande reguleringsplan er avsett til offentleg føremål er 9 daa klassifisert som fulldyrka, 2 daa overflatedyrka og 0,3 daa innmarksbeite. Marka er vidare vurdert til å vere jorddekt, det vil seie at meir enn 50% av arealet har større jorddybde enn 30


<sup>1</sup> NGU.no

cm. Deler av det dyrka arealet har vore nytta til grovfôrproduksjon i lengre tid. Deler av arealet er òg inngjerda og nytta til beite.



Figur 10. Beite aust i planområdet.

Arealet som i eksisterande reguleringsplan er avsett til jordbruk består av om lag 2,5 daa skog og 1,5 daa fulldyrka mark. Grunntilhøva på den fulldyrka marka her er klassifisert som organiske jordlag, det vil seie at jorda er ei oppdyrka myr med organisk jordlag på meir enn 20 centimeter. Deler av jorda ber preg av å vere noko vassjuk, men området rundt skogholtet har god avrenning. Deler av arealet har vore nytta til beite for hest.



Figur 11. AR5 kartlegging av markslag (Skog og landskap).

### 5.11. KULTURMINNE

I planområdet er det ikkje registrert kulturminne. Like nord for planområdet er det eit freda bygg med følgjande skildring:

«Garden Frekhaug ligg på søraustsida av Holsnøy i Nordhordland, ut mot Salhusfjorden. Det freda hovudhuset ligg på eit platå eit stykke opp frå fjorden og vendt ut mot den. Det er eit stort toetasjars tømmerhus med valmtak, kvitmåla panel, småruta krysspostvindauge i jamn takt og portal med rokokkodekor i midtaksen på eine langsida, og er truleg bygd på slutten av 1700-talet. Rundt huset er ein rektangulær hage, inngjerda av gråsteinsmurar med mura, overdekte inngangar tekke med svart sementstein i nord og sør. Sør og aust for huset er enno ein del open mark, medan bygningane til Nordhordland folkehøgskule er næraste nabo i nord.»<sup>2</sup>

<sup>2</sup> Lokalitet 87114 i kulturminnedatabasen Askeladden.



Figur 12. Freda hovudhus på garden Frekhaug.

#### 5.12. VEG OG TRAFIKKILHØVE

Planområde grenser til dei kommunale vegane Mjåtveitvegen i sør og aust, og Holtermandsvegen i nord. Gjennom planområdet går ein del av Mjåtveitvegen som er privat. Det er ikkje gang/sykkelveg eller fortau langs dei kommunale vegane, som har fartsgrense 40 km/t. Det er tidlegare regulert gang og sykkelveg langs Mjåtveitvegen. Gjennom Statens vegvesen sin database er det registrert ei mindre trafikkulykker nord for krysset mellom Holtermandsveien og Mjåtveitvegen.

I Trafikksikringsplanen for kommunen er Mjåtveitvegen vurdert som ein uttrygg veg for mjuke trafikkantar der ein vurderer fartsreducerande tiltak og opparbeiding av fortau.

Vegane i og nær planområdet er smale med låg standard. Det føreligg ikkje informasjon om trafikkmengda på vegane. Området er teken i bruk til det føremålet ein no regulerer for, og t.d området for personalparkering er i bruk for dette i dag.

#### 5.13. STØY

Noko støy frå Frekhaug Stål kjem inn i planområdet. Dette er ikkje vurdert til å vere skjemmande. Mjåtveitvegen produserer noko støy. Uansett er støy problematisert og tatt inn i planføresegnene for planen.

#### 5.14. OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Næraste busshaldeplass er Frekhaug senter, som ligg om lag 450 meter frå planområdet.

#### 5.15. VATN OG AVLAUP

Det er offentleg vatn og avlaup i området.

#### 5.16. ANNA OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planområdet ligg nær eksisterande barnehagar og skular på Frekhaug.

#### 5.17. RISIKO

Utover trafiksikkerheit er det ikkje openbare risikofaktorar knytt til planområdet.


#### 5.18. PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

## 6. GJELDANDE PLANSTATUS


### 6.1. KOMMUNEPLAN/KOMMUNDEDELPLAN

I kommuneplan frå 2005 - 2017 var området avsett til offentleg, allmennyttig og LNF.



Side | 12

Figur 13. Kommuneplanen sin arealdel 2005-2017.



Figur 14. Kommuneplanen for Meland kommune for tida 2015 - 2027. Planområdet lagt omtrentleg over.

Frå planoppstart til no fram mot andre gongs handsaming er det kome ny kommuneplan i Meland kommune. Ny kommuneplan er noko endra, men opphavleg føremål skal framleis gjelde. Då planområdet er omfatta av reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, med planID 1256 1995 1011 er det den reguleringsplanen som skal vidareførast i området. Planen er difor i samsvar med gjeldande plan.

### 6.2. REGULERINGSPANAR

Arealet er omfatta av reguleringsplanen Frekhaug Senter Vest, vedteken i 1998 med planID 1256 1995 1011. Reguleringsplanen har avsett planområdet til jordbruk, allmennyttig- og offentleg føremål. Sjå figur 15.



tilrettelegging for å kunne delta på likefot alle stader i samfunnet. Den seier at: Alle menneske i heile landet skal ha like mogelegheiter til å utvikla sine evner og leva gode og meningsfylte liv. Det vil bli lagt til rette for at personar med nedsett funksjonsevne kan ivareta sine rettar og plikter som samfunnsborgarar. Personar som lever med funksjonshemmingar skal sikrast levekår og livskvalitet på line med den resten av befolkninga. Føremålet med planretningsliner for universell utforming er å klargjera og sikra at omsynet til universell utforming blir ivaretatt i all arealplanlegging.

**Universell utforming** er ein strategi for planlegging og utforming av produkt og omgivnader for å oppnå eit inkluderande samfunn med full likestilling og deltaking for alle.

Universell utforming vert definert som:

Universell utforming er utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekking som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming.

Når det gjeld eit skulebygg som her vil kravet til universell utforming slå inn for alle relevante tiltak i bygget og tilgang til sjølve området. I eit godt tilrettelagt prosjekt vil ein ikkje tenkje over at noko er spesielt lagt til rette. Tilrettelegginga er der og fungerer for alle med eller utan handikapp.

**Klima- og energiplanlegging** frå 2009 har som føremål å setje inn tiltak for å innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og det å sikre meir effektiv energibruk. Eit moderne skulebygg vil ta omsyn til føremålet og tilrettelegge for minst mogleg bruk av straum til t.d. oppvarming for heile bygningsmassen gjennom t.d å bygge passivhus. Nye bygg har i tillegg i dag følarar i fellesareal osb. slik at lys berre er på i rom som er i bruk. Alternative energikjelder må vurderast.

#### 6.4. REGIONALE PLANAR

- Regional plan for folkehelse - fleire gode leveår for alle 2014 - 2025
- Regional kulturplan frå 2015 - 2025

**Regional plan for folkehelse** er forankra i regional planstrategi for Hordaland 2014-2025 og erstattar tidlegare planer med same tema. Planen er retningsgjevande for kommunane. Visjonen for arbeidet er «fleire gode leveår for alle» og for å nå dette målet fokuserer planen på fem viktige temaområde; Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming, lokalsamfunn, nærmiljø og bustad, oppvekst og læring, arbeid og arbeidsplassen, aktivitet og sosial deltaking. Plan- og bygningslova krev blant anna at all planlegging skal fremje befolkninga si helse, utjamne sosiale helseforskjellar og førebyggje kriminalitet. Det er soleis viktig at det i planframlegget vert lagt vekt på mellom anna universell tilgjenge, gode og nære uteopphaldsareal/grøntareal, støyproblematikk og kriminalitetsførebyggjande tiltak. I planframlegget vil det tilretteleggast for gode uterom, takast omsyn til evt. støy generelt og lagast gode uterom som ikkje oppfordrar til negativ åtferd og som er tilgjengeleg for alle. Born skal i planen ha tilgjenge til store gode areal der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Nettopp med dei gode tilboda innanfor planområdet og i nærområda ligg tilhøva til rette for eit godt oppvekstmiljø.

**Regional kulturplan** frå 2015 - 2025, vedteke 10.12.2014 omfattar museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen erstattar fylkesdelplan for kulturminne og fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen legg til grunn at kultur har sin klare eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde og at kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom. Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Føremålet med planen er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve til eksterne aktørar.

Premiss - kultur er delt inn i ni innsatsområde; 1) Endring i busetnad og infrastruktur, 2) Formidling og deltaking, 3) Verdiskaping, 4) Samordning og samhandling, 5) Kulturminnevern og museum, 6) Arkiv, 7) Kunstproduksjon og kulturformidling, 8) Bibliotek, 9) Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I plansamheng er det punkt 1, Endring i busetnad og infrastruktur, punkt 5, Kulturminnevern og museum, og punkt 9, Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv som er aktuelle. Både barnehage og skule er viktige formidlarar av kultur. Gjennom det daglege virket og i samband med spesielt fokus i periodar vil premiss for kultur takast særskilt godt ivaretatt i ei skulesamheng.

#### 6.5. SÆRLEG AKTUELLE KOMMUNALE PLANAR

- Tiltaksplan for trafiksikring 2012-2016

## 7. UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENSGREIINGAR

Området er regulert og fell ikkje inn under forskrift om konsekvensutgreiingar, jf. diskusjon på oppstartsmøte.

## 8. SKILDRING AV PLANFORSLAGET

Side | 15

### 8.1. INNLEIING

Planområdet er under stor endring og ein ynskjer å regulere området slik at det får ei gjeldande arealdisponering i tråd med visjonane og planane for området. Desse endringane kan raskt summerast opp slik:

- Leggje til rette for ny ungdomskule
- Regulere bedehuset til endra bruk.
- Leggje til rette for kvalitativt godt areal tilknytt barnehagen (100-metersskog).
- Regulere trafiksikre løysingar knytt til skule, barnehage og dei lokale vegane.
- Setje av areal for å sikre gode areal for hente/bringe-aktivitet både for skule og barnehage.

For eksisterande bustadhus i planområdet, ser ein føre seg å vidareføre arealbruken som ligg i gjeldande reguleringsplan.

### 8.2. REGULERINGSFØREMÅL

Under følgjer oversikt over alle føremåla i planen.

Føremål	daa	Totalt areal
<b>Busetnad og anlegg</b>		
Bustadar-frittliggande-småhus (BF01)	1,207	
Barnehage (BH01)	2,766	
Kommunaltekniske anlegg (BKT01)	0,021	
Undervisning (U01 - 05)	8,605	
Forsamlingslokale (FL01)	3,117	
Uteopphaldsareal (UA01)	3,598	
		19,31 daa
<b>Samferdsel og teknisk infrastruktur</b>		
Køyreveg (KV01-KV010)	5,792	
Fortau (FT01-FT11)	2,556	
Gangveg/gangareal (G01-02)	0,377	
Anna veggrunn / grøntareal (AVG01-AVG11)	2,504	
Anna veggrunn / teknisk anlegg (AVT01-AVT02)	0,081	
Kollektivhaldeplass (KH01-02)	0,05	
Parkeringsplassar (PP01-PP02)	1,248	
		12,607 daa
<b>Grønt struktur</b>		
Vegetasjonsskjerm (VSK01)	0,227	0,227 daa
Totalt areal		32,150 daa
<b>Omsynssoner</b>		
Frisiktssoner ved veg (H140)		
Bestemmelsesområde	#1	

### 8.3. BYGGEFØREMÅL

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Frittliggande bustad (BF01)
Areal	1,207 daa
Tal på bustader	1
Byggehøgde	Maksimal mønehøgde kote 35,5
BYA	20%
Parkering	Løyst på eigen grunn

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Barnehage (BH01)
Areal	2,766 daa
Byggehøgde	Maksimal mønehøgde kote 32,5
BYA	50%
Parkeringsplassar	PP01 - om lag 18 parkeringsplassar + del av f_KV06 til avlasting+ hente/bringestad.




Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Undervisning(UA05)
Areal	8,279 daa
Byggehøgde	Maksimal mønehøgde kote 32
	Planeringshøgde kote 20
BRA	50%
Parkeringsplassar	PP02 - om lag 35 parkeringsplassar + av desse er 5% HC.

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Forsamlingslokale (FL01)
Areal	3,117 daa
Byggehøgde	Maksimal mønehøgde kote 34,5
BYA	60%
Parkeringsplassar	Løyst på eigen grunn.

Det skal leggst til rette for eit nytt undervisningsbygg med naudsynt infrastruktur. Resten av området er utbygd i dag. I tilknytning til området er det nokre midlertidige anlegg som er planlagt erstatta av permanente løysingar.

#### 8.4. REGULERINGSPLANKART



Figur 16. Plankart.

#### 8.5. BUSETNAD OG ANLEGG

Den nye ungdomsskulen er planlagt i område avsett til undervisning. På sikt vil ein kunne ha moglegheit for opp til ni klassar, det vil seie om lag 270 elevar. For å kunne huse dette ser ein føre seg eit bygg på opp mot 3000m<sup>2</sup> BRA på to plan. Ein vil i tillegg nytte diverse fasilitetar som i dag ligg i bedehuset (sløyd mm).

For ei god landskapstilpassing er planeringshøgda for nytt bygg sett til kote +20 og maksimal mønehøgde kote +32. Dette er gjort for at bygget ikkje skal bli for dominerande i landskapet. Ein har ikkje teke stilling til detaljutforming av nytt skulebygg, då dette skal avgjerast gjennom ei arkitekttevljing.

Tomta er lite kupert og har ei lita jamn stigning mot nord/vest. Uteopphealdsareal skal såleis kunne la seg opparbeide på ein tilgjengeleg og hensiktsmessig måte. Tomta vil få gode soltilhøve. Det er lagt inn fortau langs alle vegar innanfor planområdet.

Det er og lagt opp til hente/bringe-anlegg i aust til bruk for skulen. Dette vil vonleg føre til at talet på privatbilar i og rundt skuleområdet elles vert så lågt som mogleg. Parkeringsplassane for skulen er lagt mot aust, med tilkomst frå Holtermandsvegen.

Bedehuset - som er eit eksisterande bygg og som i ein overgangsfase vert nytta til skule, er vist i plankartet. Utnyttingsgraden tek høgde for at eksisterande parkeringsplass skal kunne nyttast og i framtida. Byggehøgda er tilpassa dagens bygg.

Eksisterande barnehage er lagt inn i planen slik bygget ligg i dag. Leikearealet er i all hovudsak mot aust og nord. Vidare er det sett av uteopphealdsareal (UA01) som skal kunne nyttast av barnehagen. Arealet ligg over

vegen for barnehagen f\_KV06 og vil kunne ha gode kvalitetar som «hundremetersskog» eller uteareal i tillegg til leikeareal. Veggen som må kryssast - f\_KV06 gjev tilkomst til barnehage og bedehus. f\_KV06 har såleis svært låg trafikk sett vekk frå dei tidene på dagen når barna skal hentast og bringast.

Eksisterande bustad vert vidareført som i dag. Tilkomst vert på kjørbar gangveg som i dag markert med bestemmelsesområde #1. Det er regulert inn vegstenging i plankartet.

Det er lagt inn byggegrense mellom dei ulike føremåla i FL01, BH01 og U05.

## 8.6. LEIK/UTEOPPHALDSAREAL

### Skule

Ny skule vil disponere uteareal/leikeareal på tomta.

Det er knytt krav til opparbeiding av uteopphaldsareal innanfor føremålet U05;

- Støynivå må ikkje overstige 55 dBA.
- Areal skal vere skjerma mot forureining og strålefare.
- Areal skal vere hensiktsmessig utforma for trygg ferdsel, leik og anna aktivitet.
- Areal skal ha gode soltilhøve og vere klimatisk skjerma.
- Areal skal ikkje vere brattare enn 1:3.
- Universell utforming skal vere i samsvar med gjeldande krav.

Like aust om planområdet disponerer tiltakshavar eit friområde (Badevika) som kan nyttast som aktivitetsområde i samband med høveleg undervisning. Avstanden frå den planlagde skulen til Badevika er om lag 250 meter. Området er avsett til friområde i kommuneplanens arealdel. Planen legg til rette for at det kan etablerast fortau på begge sider av vegen fram til krysset der ein tek av for å gå ned til sandvolleybanen og vidare ned til badevika. Kryssing av veg er alltid forbunden med fare, men ved kryssingspunktet er det god sikt i begge retningar. Sjølve friområdet er avgrensa og kan fint nyttast til ulike formar for organisert aktivitet i tillegg til ballspel og bading.



Figur 17. Badevika. Kjelde: atlas.no

### Barnehage

I planen er det sett av areal til leike- og uteopphald for eksisterande barnehage. Barnehagen har i dag sær avgrrensa leikeområde, både i høve til storleik og kvalitet. Arealet er regulert som UA01 og omfattar eit areal som har slakt skrånande mark, samt ein mindre haug med skog. Ved sikring og noko tilpassing, vil haugen kunne bli eit svært attraktivt og utfordrande element i leikeområdet. Då ein ikkje ynskjer å planere haugen er det av naturlege grunnar heller ikkje sett krav om at denne skal opparbeidast med universell utforming. Følgjande krav er sett til opparbeiding av arealet:

- Støynivå må ikkje overstige 55 dBA.
- Areal skal vere skjerma mot forureining og strålefare.
- Areal skal vere hensiktsmessig utforma for trygg ferdsel, leik og annen aktivitet.
- Areal skal ha gode soltilhøve og vere klimatisk skjerma.
- Relevant areal skal ha universell utforming i samsvar med gjeldande krav.

Ein ser føre seg at arealet som inngår i BH01 skal nyttast som nærleikeplass for ungane i barnehagen, særleg for leik for dei yngste, medan arealet UA01 vil kunne gje betre tilhøve for leik for eldre barn og over lengre


tidsrom på dagen. Utformingsmessig, og det faktumet at ein saman med tilsette må krysse barnehagen sin tilkomstveg, gjer dette arealet mest høveleg for litt eldre barn. UA01 er fyrst og fremst tiltenkt barnehagen.

## 8.7. TRAFIKKAREAL

Planområdet ligg mellom to kommunale vegar, Holtermandsvegen og Mjåtveitvegen. Dette er regulert i plankartet med dimensjonar som stettar krava til Statens Vegvesen si handbok. Begge desse vegane er i planforslaget lagt inn med fortau. Ny større skule og eksisterande barnehage vil føre til meir trafikk på visse tidspunkt på dagen. Samstundes vil det vere eit høgt antall mjuke trafikkantar i bevegelse til og frå området. Barnehageborna vil truleg vere på plass/vere levert tidlegare enn det tidspunktet som skulelevane vil gå forbi området. Skuleelevar vil hovudsakleg kome til område frå nord der dei vert slept av buss. Ein har difor ynskja å skilje dei ulike typane transport på ein omsynsmessig måte.

Saman med parkeringsplassar for skulen er det regulert eige hente/bringe-område for bilar aust i planområdet. Erfaringsmessig vert ein del elevar kjørt til skulen med privatbil. Hente/bringe-område er laga for å minimere trafikken i og rundt skuleområdet. Barnehagen har i dag etablert eigen hente/bringe-rundkjøring som vert vidareført i planen. Det er sett av soner for friskt i samband med kryss. Det er tenkt to område for kryssing av Mjåtveitvegen, den eine ved gangveg G01 og ein ved enden av fortau FT06. Endeleg plassering av framtidig fotgjengarfelt vert fastsett av Statens vegvesen.

Side | 18



Figur 18. Trafikkareal - illustrasjon av parkeringsareal, busslommer, gangvegar, fotgjengarfelt og fortau.

### Oppsummert er følgjande trafikkareal regulert:

- Mjåtveitvegen er regulert som offentlig veg o\_KV01, med regulert vegbreidde på 6,00 meter. Langs vegen på sørsida er det regulert fortau med breidde på 2,5 meter (FT02), bortsett frå for FT04 då den er regulert i samsvar med gjeldande plan for området i Planid: 125662007001. Her er fortau 2 meter i breidde. I gjeldande plan er det tilrettelagt med kollektivhaldeplass her i vest.
- Det er tatt inn i planføresegna § 2.5.10 at det i utomhusplanen skal visast ein vegetasjonsskjerm langs Mjåtveitvegen/o\_KV01 med minimumsbreidde på 4 meter.
- Tilkomst til Frekhaugskogen via vegen Kråkeneset er regulert med avkjørsel o\_KV02.
- Tilkomst til Løypetona bustadområde (Planid: 125662007001) er regulert som o\_KV03.
- Holtermandsvegen er regulert som o\_KV04. Vegen har ei breidde på 6,00 meter. På sørsida av Holtermandsvegen er det regulert fortau med 3 meters breidde, i tillegg til ei vegetasjonsskjerm som vil vere med å skilje parkeringsareal og fortau.
- Tilkomst til Nordhordland Folkehøgskule er regulert til f\_KV05.
- Nytt hente-/bringe-område, samt tilkomst til parkeringsplass PP02, er regulert som KV07. Denne har tilkomst til Holtermandsvegen.
- Eksisterande tilkomst til barnehage og rundkjøring er regulert som f\_KV06, med vegbreidde på 5,00 meter. Vegen gjev òg tilkomst til PP01.
- f\_KV06 held fram som kjørbær gangveg f\_G01 for å gje tilkomst til bedehus og eksisterande bustad og endar i Mjåtveitvegen. Vegbreidde på gangveg f\_G01 er 3,00 meter og skal vere køyrande og vegen stenges mot gjennomkjøring.
- Fotgjengarfelt er tenkt plassert ved gangveg f\_G01 og ved enden av FT06 mot Mjåtveitvegen med frisktsonar. Endeleg plassering av framtidig fotgjengarfelt vert fastsett av Statens vegvesen.

## 8.8. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

o\_KV01 er eksisterande veg Mjåtveitvegen som vert utvida til 6 meter breidde. I tillegg har ein regulert fortau sør for vegen. Fortaua er regulert med ein breidde på 2,5 meter. Det vert sett av areal til anna vegggrunn AVG for å ha tilstrekkeleg areal til evt. naudsynte murar eller andre tiltak som må til for å få god standard på vegen. Ein har gjennom planprosessen prøvd å halde seg innanfor eigedomsgrensene slik at utvidinga ikkje kjem inn på annan manns grunn. Vegen er smal i utgangspunktet. Trong for evt. murar si plassering/type og lengde må takast i prosjekteringsfasen. Plankartet har lagt til rette for at murar kan etablerast. I utgangspunktet ynskjer kommunen at det skal tilretteleggast for steinmur jf. § 2.5.6, der plassen tillet det. Meland kommune jobbar med å få på plass ei vegnorm for kommunen. Fram til denne er på plass gjeld Statens vegvesen si handbok N100.

## 8.9. PARKERING

Parkeringsplassar for skulen sine tilsette er lagt på skuletomta langs Holtermandsvegen (PP02). Tilkomsten til Holtermandsvegen vert den same som hente/bringe-arealet nyttar seg av. Det er sett av 30 plassar på dette arealet. Anslagsvis vil ein skule med 270 elevar kunne føre med seg om lag 35 nye tilsette/årsverk i området. Med ein parkeringsdekning på 0,85 per årsverk<sup>3</sup> reknar ein parkeringsdekninga til å vere gunstig. Til grunn for vurderinga legg ein òg at skulen vil ligge svært sentrumsnært i kommunen.

Parkeringsplassane har ei breidde på 2,5 meter. På PP02 skal det opparbeidast minst 5 % parkeringsplassar med utforming for rørslehemma. Dette er omtalt i planføresegnene § 2.5.8. Parkeringsplassane er lokalisert så nære skulen som mogleg med direkte tilkomst til fortau. Ei vegetasjonsskjerm er lagt til rette langs etter parkeringsplass og fortau o\_FT05 for å skilje mellom dei ulike funksjonane. I tillegg er eksisterande parkeringsplass ved barnehagen vidareført. Her er det plass til opp mot 18 bilar ved effektiv bruk. Barnehagen har i dag ei parkeringsløyising som fungerer og denne er vidareført.

Bedehuset har i dag ei tilfredstillande parkeringsløyising på si tomt og denne er ikkje detaljert i planen. Ein ser føre seg ei vidareføring av dagens situasjon. Det same gjeld det eksisterande bustadhuset som har parkering og garasje på tomta.

Sykkelparkering skal løysast innanfor areala for skulen og barnehagen. Det leggjast til rette for minimum 170 parkeringsplassar. Desse er ikkje synt i plankartet, men tatt inn i føresegnene og vil visast i utomhusplan for U05 som sendast inn ved søknad jf. § 2.2.2.

## 8.10. STØYTILTAK

Ved detaljplanlegging av nytt skulebygg og uteopphaldsareal for denne, må det sikrast at støynivåa er innanfor krava til innandørs- og utandørs støy. Dette gjeld i hovudsak industristøy frå Frekhaug Stål og vegstøy frå omliggjande kommunevegar. I følge konsesjonen til Frekhaug Stål har dei krav til seg om at støy ikkje skal overstige 50 dB til næraste bustad. Næraste bustad ligg betydeleg nærmare industrilokala enn det ny skule vil gjere. Ein ser det difor som lite sannsynleg at Frekhaug Stål vil gje skjemmande støy for skulen. I dokumentasjon til byggemelding skal støy frå utandørs kjelder kartleggast og krav i teknisk forskrift/NS 8175 klasse c gjelde jf. § 2.2 ledd 3. Klasse 3 i NS 8175 seier noko om minste grenseverdiar for lydtilhøve i form av mellom anna støy frå utandørs kjelder som transport, industri, skyting m.v.<sup>4</sup> Planføresegner seier noko om kva retningslinjer som skal fylgjast. Desse er tatt inn i planen sine føresegner § § 2.2.6, 2.4.7, 3.1.4 og 3.1.5.

## 8.11. UNIVERSELL UTFORMING

Ved oppføring av nytt skulebygg er det krav om universell utforming. Området som er regulert til skule/undervisning er lite kupert og ligg godt til rette for universell utforming av både inne- og uteareal. Ein legg ikkje opp til at heile uteopphaldsareal i UA01 for barnehagen skal ha universell utforming. Dette for å bevare eksisterande haug som har utfordrande og gode kvalitetar som ein del av leikeområde. Kommunen set krav om universell utforming av anlegg innanfor UA01 i tillegg til universell utforming av tilkomst til UA01. Dette er omtalt i planføresegn § 2.6. Her tenkjer ein på at tilkomst til evt. leikeapparat, sandkassar osv. skal vere tilrettelagt i tillegg til evt. etablerte gangvegar. Området har størst opplevingsverdi når haugen vert tatt vare på, meir eller mindre som den er, med naudsynt tilpassing til brukarane.

## 8.12. AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

<sup>3</sup> Til samanlikning opererer ein i Bergen kommune - ytre by - med ei parkeringsdekning på 4-8 parkeringsplassar per 10 årsverk.

<sup>4</sup> Lydklasser frå NS 8175 Norsk standard

Barnehage, bedehus og bustad har avfallshandtering i dag. Avfallshandtering for ny skule vert løyst ved krysset mellom o\_KV04 og f\_KV06. Det er avsett areal for felles framtidig avfallshandtering innanfor f\_BKT01 for heile området. Plasseringa av f\_BKT01 skal gje god tilkomst for renovasjonskøyretøy. f\_KV06 er dimensjonert for liten lastebil og o\_KV04 - Holtermansvegen har ein breidde på 6 meter. Kva løysing ein går for (nedgravne, spann e.l er opp til tiltakshavar å avgjere). Arealet til f\_BKT01 er på 21m<sup>2</sup>. Ein eventuell nettstasjon vil trenge 2,5 x 4 meter til sitt føremål. Renovasjonsløysingar som tiltakshavar vel er ikkje bestemt enno. Containrarar er frå 4 - 6 m<sup>3</sup>. Uansett løysing vil det vere tilstrekkeleg areal innanfor føremålet.

### 8.13. RISIKO

Gjennom planforslaget ser ein føre seg ei utbetring av tilhøva for mjuke trafikantar. Dette vil redusere trafikkfare, som er ein vesentleg risiko i dag med smal veg. Det er knytt føresegnar til maksimal mengde støy i planområdet som blir nytta til leik/uteopphald. Då ein ikkje kjenner til detaljprosjekteringa av nytt skulebygg kan ein ikkje leggje opp støyreduserande tiltak i planen. Dette vil måtte bli eit resultat av byggesakshandsaming. I § 2.2.6 er det tatt inn ei føresegn om støyvurdering i fellesføresegnar, i rekkefølgekrav i § 2.4.7 og under krav til utforming i §§ 3.1.4 og 3.1.5.

## 9. KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET

### 9.1. OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

Reguleringsplanen er i hovudsak i tråd med overordna plan. Unntaket er at ein regulerer eit leikeområde for barn på areal som er avsett til LNF. Landbrukskvaliteten på arealet er låg og ein vurderer difor ikkje føremålet med den overordna planen til å vere vesentleg tilsidesett i høve til samfunnsøgnet som eit leikeområde medfører.

Planforslaget er utforma i høve til statlege retningsliner for samordna bustad-, areal - og transportplanlegging ved at ein har lagt til rette for eit tiltak som ligg sentralt på Frekhaug i tilknytning til eksisterande vegsystem. Avstanden til busshaldeplass er på ca. 600 meter gjennom et vegsystem med lite trafikk. Det vert tilrettelagt med fortau og gangvegar innanfor heile planområdet.

Dei rikspolitiske planretningslinene for barn og unges interesser i planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gjev barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Lokaliseringa av skulen er gunstig då området skulen vil ligge i er eit ope landskap i tillegg til nærleik til sjø. Tilbodet om å kunne nytte Grisehusaugen og området ved badevika gjev mange moglegheiter for leik og anna fysisk aktivitet.

Tilrettelegging for universell utforming er omtalt og ivaretatt i planføresegnene. I dette tilfellet ligg planområdet i eit lite kupert område slik at det ikkje skal dei store inngrepa til for å tilrettelegge skulen og området med universell utforming. Skulen vil truleg få ulike elevar med ulike behov og må finne gode løysningar som kan møte desse.

Skulebygget vil planleggast ut frå gjeldande retningsliner når det gjeld utforming og energibruk. Alternative energikjelder vil vurderast. Det er eit uttalt nasjonalt mål at minst mogleg energi skal kome frå elektrisitet.

Når det gjeld regionale planar som plan for folkehelse er det særleg dette med aktivitet og sosial utjamning ein skule kan ha ein viktig rolle i. Her vil ein skule naturleg ta på seg ei samfunnsoppgåve. Det same kan ein seie om kultur. Skule har alltid og vil alltid ha ei sentral rolle som kulturformidlar.

### 9.2. EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Reguleringsplanen er i hovudsak i tråd med vedteken reguleringsplan, med unntak av nemnte areal som tidlegare er regulert til jordbruk - LNF.

### 9.3. ESTETIKK / LANDSKAP

Ein har sett ei moderat byggehøgde på nytt skulebygg i området. Dette for at skulen ikkje skal bryte vesentleg med omliggande strukturar. Høgste eksisterande bygg i planområdet er i dag eksisterande bustadhus og bedehus med mønehøgder rundt kote + 34,5. Nytt skulebygg vil vere noko meir senka i terrenget og ha maksimal mønehøgde på kote + 32.

Det arkitektoniske uttrykket på nybygget vil vere gjenstand for ei arkitekttevling og er såleis ikkje avklara per dags dato. Ein føreset likevel at ein får eit bygg med eit estetisk tiltalende uttrykk, særleg med tanke på garden Frekhaug som ligg like nord for planområdet.

#### 9.4. UNIVERSELL UTFORMING

Universell utforming er godt teke i vare gjennom planen. Ein har sett krav til uteopphaldsareal for skule og barnehage og leikeareal i UA01. Sjå § 2.6 om universell utforming.

Side | 21

#### 9.5. KONSEKVEN SAR FOR NABOER

Den nye skuletomta ligg relativt usjenerande til for naboar. Ein naturleg konsekvens av planen vert auka trafikk. For å sikre ei forsvarleg trafikkavvikling er parkering/henting/levering planlagt på ein gjennomtenkt måte. Samstundes er det sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av løysingar for mjuke trafikkantar.

Ny parkeringsplass (PP02) vil kome i kort avstand til eit bygg som er del av Nordhordland Folkehøgskule. Parkeringsplassen er senka lågt i terrenget for å ikkje vere dominerande. Innanfor planområdet ser ein føre seg at løysingane vil føre til god og oversiktleg trafikkflyt. Som Frekhaug Stål syner til i sin merknad, vil det kunne oppstå ein flaskehals ved brua på Mjåtveit. Det føreligg planar om å utbetre denne vegen og ein føreset at dette vert gjort dersom det skulle oppstå trafikkale problem. Vonleg vil dei fleste borna kome til skulen med buss til senteret og der ifrå gå ned til skulen.

#### 9.6. TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Ein har sett av høveleg med parkeringsplassar for det nye tiltaket. Sykkelparkering vert vist i utomhusplanen som skal følge planen ved realisering.


#### 9.7. KULTURMINNE

Ein kan ikkje sjå at planforslaget kjem i konflikt med registrerte kulturminne. Ved funn av kulturminne skal anleggsarbeid stoppast i tråd med fastlagte rutinar.

#### 9.8. LANDBRUK

Planforslaget omfattar omdisponering av om lag 15 daa fulldyrka og overflatedyrka jord. Mesteparten av arealet ligg på skuletomta, og er såleis omdisponert gjennom tidlegare arealplanar (reguleringsplan/kommuneplan). Arealet som skal omdisponerast til uteopphaldsareal for eksisterande barnehage er i overordna plan avsett til landbruksføremål. Dette arealet er på om lag 2,5 daa skog og 1,5 daa fulldyrka mark. Parsellen er avgrensa med gjerde som synt i grunnkart og figur 19.

Nytt uteopphaldsareal vil grense til anna innmark på 23/1. Eigar av 23/1 er Nordhordland Indremisjon. Ved eventuell framtidig drift på arealet vil uteopphaldsarealet kunne gje nokre negative konsekvensar då ein må avgrense gylling på marka nær uteopphaldsarealet. Eventuell gjerdeplikt vil måtte avtalast gjennom eigen avtale, men det framstår som naturleg at denne plikta fell til dei som disponerer/eig uteopphaldsarealet.



Figur 19. Uteoppfallsareal for barnehage, naturleg avgrensa av eksisterande gjerde.

#### 9.9. FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Sjølve skuletomta er i dag ikkje i bruk til leik for barnehagen. Barnehagen har noko tilgrensande leikeareal. Sjå foto under. Barnehagen vil få vidareført sitt leikeareal, samt tilført eit kvalitetsmessig betre, og større, areal på fastsatt areal nordvest på Grishushaugen. På fotoet kan ein sjå området som ei kolle med skog.

Ein ser føre seg at tilgjengelegheita og tryggleiken mot friområde langs sjø blir betra som følgje av fortau langs planområdet.



Figur 20. Skråfoto frå området - ikkje heilt oppdatert i høve til dagens bruk. Kjelde atlas.no

#### 9.10. KLIMA

Området ligg sørvendt og har gode soltilhøve på storparten av tomta. Området ligg i hovudsak skjerma for vind frå nord og aust.

#### 9.11. PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Ny skule vil bidra til eit betre servicetilbod på Frekhaug.

## 9.12. KONSEKVENSAAR FOR NÆRINGSINTERESSER

Ein kan ikkje sjå at planforslaget får vesentlege konsekvensar for næringsinteresser. Frekhaug Stål uttrykte i si tid at dei var uroleg for trafikksituasjonen i og rundt området som følgje av ny skule. Delar av Mjåtveitvegen er utbetra i tråd med gjeldande planar.

## 9.13. JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNEN

Side | 23

Kommunen vil måtte overta skjøtsel av fortau som vert opparbeida langs offentleg veg.

## 9.14. ROS-ANALYSE

### Bakgrunn

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det utført ei analyse av risiko og sårbarheitstilhøve. ROS-analyse byggjer på føreliggande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

### Metode

ROS-analyse av tiltaket med utgangspunkt i Norsk standard NS5814, 2008. Vurderinga er gjennomført av Ard arealplan as som ein del av planarbeidet og er basert på Ard arealplan as og tiltakshavar sin samla kunnskap om planområdet, samt tilgjengelege rapportar og innhenta informasjon frå Meland kommune.

SANNSYNLEG	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending per år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending per 1 - 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending per 10 - 100 år
Lite sannsynleg	2	Ei hending per 100 - 1000 år
Usannsynleg	1	Mindre enn ei hending per 1000 år

KONSEKVENNS	VEKTING	MENNESKE	YTRE MILJØ	MATERIELLE VERDIAR
Katastrofalt	5	Meir enn 5 daude, eller 25 alvorleg skadde/sjuka	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn kr 50.000.000
Kritisk	4	Inntil 5 daude, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar.	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom kr 5.000.000 - 50.000.000
Alvorleg	3	Inntil 10 alvorlege personskadar eller mange mindre personskadar, men med sjukefråvær. Vesentlege helseplagar og ubehag.	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Skadar mellom kr 500.000 - 5.000.000
Ein viss fare	2	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming evt. kortare sjukefråvær	Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrast på kort tid.	Skadar mellom kr 50.000 - 500.000
Ufarleg	1	Ingen eller små personskadar.	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Skadar for inntil kr 50.000

### Risikomatrise - akseptkriteria

Hendingar i røde felt	Tiltak naudsynt, i utgangspunktet ikkje akseptabelt.
Hendingar i gule felt	ALARP - sone, dvs. tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen (ALARP = As Low As Reasonable Practicable)
Hendingar i grønne felt	Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast

- Tiltak som reduserer sannsynlegheit vert først vurdert. Dersom dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, vurderer ein tiltak som avgrensar konsekvensane.

Risikomatrise: Første tal syner konsekvens, andre tal sannsyn og utheva tal samla risiko. I vurderinga og oppsummeringa vert berre tema som hamnar i gul eller raud kategori ført.

RISIKOMATRISE						
SANNSYNLEG	5	1x5 - 5	2x5 - 10	3x5 - 15	4x5 - 20	5x5 - 25
	4	1x4 - 4	2x4 - 8	3x4 - 12	4x4 - 16	5x4 - 20
	3	1x3 - 3	2x3 - 6	3x3 - 9	4x3 - 12	5x3 - 15
	2	1x2 - 2	2x2 - 4	3x2 - 6	4x2 - 8	5x2 - 10
	1	1x1 - 1	2x1 - 2	3x1 - 3	4x1 - 4	5x1 - 5
Naturbasert sårbarheit						
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad	
		Menneske	Miljø	Økonomi		
<b>Ekstremvær <a href="http://www.met.no">www.met.no</a></b>						
1	Sterk vind				Vind vert ikkje sett på som ein risiko for området. Sterk vind kan førekome, men slik området ligg til, vil det ikkje verta utsett for vindpåkjenningar utover det som ein kan forvente. Bustadene vert plassert slik at dei skapar livd.	
2	Store nedbørmengder				Store nedbørmengder kan førekome, men vert ikkje sett på som ein risiko for planområdet.	
3	Store snømengder				Store snømengder er sjeldan eit problem i området.	



4	Anna				
<b>Flaumfare <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a></b>					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering				Området har god naturleg avrenning. Overvatn skal dokumenterast i VA-plan.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt.
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt.
10	Anna				
<b>Skredfare <a href="http://www.skrednett.no">www.skrednett.no</a></b>					
11	Kvikkleireskred				Det er ikkje påvist kvikkleire i planområdet.
12	Lausmasseskred				Ikkje aktuelt
13	Is - og snøskred				Ikkje aktuelt.
14	Steinras, steinsprang				Ikkje aktuelt.
15	Historiske hendingar				Det er ikkje registrert skredhendingar innanfor planområdet.
16	Anna				
<b>Byggegrunn <a href="http://www.ngu.no">www.ngu.no</a></b>					
17	Setningar				Ikkje aktuelt
18	Utgildingar				Ikkje aktuelt
19	Radon				Radon vert ikkje sett på som eit særskilt problem i området. Nye bygg vert oppført med radon-membran, jf. Teknisk forskrift.
20	Anna				
<b>Plante og dyreliv <a href="http://www.dirnat.no">www.dirnat.no</a></b>					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
<b>Kulturområde <a href="http://www.kulturminnesok.no">www.kulturminnesok.no</a></b>					
25	Freda kulturminne				Planområdet ligg nær eit vedtaksfreda bygg. Ein kan ikkje sjå at planforslaget får vesentlege verknader for dette minnet.
26	Anna				
<b>Verksemdbasert sårbarheit</b>					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Menneske	Miljø	Økonomi	
<b>Brann/eksplosjon</b>					
25	Brannfare				Planområdet ligg nær brannstasjon.
26	Ekspløsjonsfare				Ingen kjent risiko.
27	Anna				
<b>Energitransport</b>					
28	Høgspenst				Høgspenstkabel går i grunnen langs Holtermandsvegen.
29	Lågspenst				Ikkje aktuelt.
30	Gass				Ikkje aktuelt.
31	Anna				
<b>Forureina vatn</b>					
32	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
33	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ikkje aktuelt.
34	Nedbørsfelt				Ikkje aktuelt.
35	Grunnvassnivå				Ikkje aktuelt.
36	Anna				
<b>Forureining - grunn <a href="http://www.sft.no">http://www.sft.no</a></b>					
37	Kjemikalieutslepp				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
<b>Forureining - luft</b>					
39	Støv/partiklar/røyk				Planområdet ligg nær Frekhaug stål sine produksjonslokale. Herifrå er det mindre utslepp av damp/røyk. Dette vert ikkje sett på som eit stort problem for nærliggande bustadar og tiltaka i planen.
40	Støy	2 x 5 10			Frekhaug stål produserer noko støy gjennom heile døgnet. Mjåtveitvegen produserer òg noko støy. Ved prosjektering av skule må støy på leikeområde vurderast. Eventuelle nivå over grenseverdiar må motverkast gjennom avbøtande tiltak/støyskjerming mot sørvest. Ved utføring av eventuelle avbøtande tiltak vil risiko kome i kategori «ikkje signifikant risiko».
41	Lukt				Ingen kjent risiko.
42	Anna				
<b>Friluftsliv og tilgjenge til sjø <a href="http://www.hordaland.no">http://www.hordaland.no</a></b>					
43	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt.
44	Friluftsliv				Ingen kjent risiko.
45	Anna				
<b>Sårbarheit knytt til infrastruktur</b>					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Menneske	Miljø	Økonomi	
<b>Trafikkfare <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a></b>					
46	Trafikkulykker på veg	3x3 6		3x2 6	Det er registrert ei mindre ulykke på Mjåtveitvegen nær planområdet. Planforslaget sikrar mjuke trafikkantar gjennom opparbeiding av fortau. Fartsreducerande tiltak i tråd med trafikkisikringsplan vil redusere risiko monaleg.
47	Anna				
<b>Forureining</b>					
48	Støv/partiklar				Ingen kjent risiko.
49	Støy	1 x 5 5			Mjåtveitvegen produserer noko støy. Sjå punkt 40 vedrørende eventuelle avbøtande tiltak. Ved utføring av eventuelle avbøtande tiltak vil risiko kome i kategori «ikkje signifikant risiko».
50	Lukt	1x4 4			Frekhaug Stål driv jernstøyper og dette kan medføre noko utslepp av røyk med lukt. Næringsbedrifta er lokalisert i eit byggefelt og ein vurderer ikkje dette som ein risiko.

51	Utslepp/kjemikalier				Ingen kjent risiko.
52	Anna				
Utlukker på nærliggjande vegar/transportåre <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a>					
53	Veg	2x3 6		3x2 6	Sjå under punkt 46.
54	Sjø				Ingen kjent risiko.
55	Luft				Ingen kjent risiko.
56	Anna				

### Oppsummering ROS-matrise:

Risikomatrikse - Oppsummering						
Sannsynleg	5	Støy 49	Støy 40			
	4	Lukt 50				
	3			Trafikk 46		
	2			Trafikk 46		
	1					
		1	2	3	4	5
Konsekvens						

Side | 25

Planforslaget fører ikkje på nokon punkt til uakseptabel risiko. Risiko og sårbarheit i planområdet og ved oppføring av tiltak er i hovudsak knytt til trafikkfare og støy.

### Støy

Støy frå Frekhaug Stål førekjem i dag, men bedrifta har konsesjonskrav å forhalde seg til. Samstundes er det noko støy frå Mjåtveitvegen, men denne er foreløpig vurdert til å vere låg. Ved detaljplanlegging av nytt skulebygg og uteopphaldsareal for denne, må det sikrast at støynivåa er under krava til innandørs- og utandørs støy. Handsaming av støy er omtalt i § 2.2 om dokumentasjon til søknad.

### Trafikkfare

Det er registrert ei trafikkulykke på Mjåtveitvegen dei siste åra og trafikksituasjonen for mjuke trafikantar er ikkje gunstig i dag. Planforslaget regulerer og sett krav om oppføring av fortau rundt skulen. Det vil likevel vere trafikkfare knytt til vegen som er smal og har noko tungtransport til og frå Frekhaug Stål. Det er utført fartsreducerande tiltak, som skildra i kommunal trafikksikringsplan. Planforslaget har lagt til rette for fortau langs alle vegar innanfor planområdet.

## 10. MERKNADAR

### 10.1. MERKNADAR VED OPPSTART

Nr	Avsendar		Dato
	Offentlige instansar - statleg		
1	Statens vegvesen	Brev	22.06.2011
2	BKK Nett AS	Brev	08.07.2011
3	Fylkesmannen i Hordaland	Brev	10.08.2011
4	Hordaland Fylkeskommune	Brev	23.06.2011 og 17.01.2012
	Kommunale etatar		
5	Meland kommune, natur- næring og tekniske tenester	Brev	18.07.2011 og 20.09.2011.
	Private		
6	Frekhaug Stål AS	Brev	24.06.2011

#### 1. Statens vegvesen i brev 22.06.2011

- Trafikkkløysingar må dimensjonrast i samsvar med handbok 017.
- Ingen øvrige vesentlege merknadar.

#### Planleggjar sitt svar:

- Handbok N100 (tidlegare 017) er lagt til grunn for utarbeiding av trafikkareal i planen.

#### 2. BKK Nett AS i brev 08.07.2011

- Eksisterande strømfordelingsanlegg i området vil sannsynlegvis ikkje vere tilstrekkeleg for planlagde tiltak.
- Høveleg areal for nettstasjon må planleggast.

#### Planleggjar sitt svar:

- Ein har hatt dialog med BKK om plassering av nettstasjon og sikra dette gjennom føresegnene i planen.

#### 3. Fylkesmannen i Hordaland i brev 10.08.2011

- Ynskjer ei vurdering av konsekvensane for eventuell omdisponering av jordbruksland.

#### Planleggjar sitt svar:

- Konsekvensane er vurdert som ein del av planskildringa.

**4. Hordaland fylkeskommune i brev 23.06.2011**

- Har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i området.
- Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø må dokumenterast.
- Vil utføre synfaring for å vurdere om det kan vere kulturminne i området.
- I oppfølgjande epost av 17.01.2012 melder fylkeskommunen at det ikkje er behov for kulturminnefagleg registrering i området.

**Planleggjar sitt svar:**

- Verknadar på kulturminne og kulturmiljø er vurdert som ein del av planskilringa.

**5. Meland kommune, natur- næring og tekniske tenester i brev 18.07.2011, og oppfølgjande brev 20.09.2011.**

- Arealet inngår i eksisterande reguleringsplan.
- Planarbeidet er lagt fram for Utval for drift og utvikling og Kommunestyret som ei prinsippsak.
- Kommunestyret gjekk samrøystes inn for at området skal regulerast til område for skule.

**Planleggjar sitt svar:**

- Teke til etterretning.

**6. Frekhaug Stål As i brev 30.06.2011**

- Frekhaug Stål As driv døgnskulerleg støyperidrift om lag 100 meter frå den nye skulen.
- Bedrifta slepp ut noko støy og lukt.
- Bedrifta har noko tungtransport som belastar Mjåtveitvegen.
- Ein ser føre seg trafikkproblem dersom skulen bidrar til meir trafikk i tillegg til framtidige bustadar i området. Brua på Mjåtveit er ein flaskehals.

**Planleggjar sitt svar:**

- Ny skule må skjermast frå eventuell støy over grenseverdiar.
- Ein har regulert fortau og tilfredsstillande vegbreidde forbi skulen. Fortau frå Løypetona til busstopp ved bensinstasjonen er ferdigstilt.

**11. FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR**

Opparbeiding av Danielsen Ungdomsskule vil gå over noko tid, med midlertidig bruk av bedehus og modulbygg i første omgang. Etter kvart vil ein kunne gå i gang med oppføring av eit nytt skulebygg som skal kunne ha plass til ni klassar. Skulen vil liggje nært til friområdet Badevika/Varnappane med dei fordelane det fører med seg i høve til utandørs undervisning og aktivitet. Det er lagt til rette med fortau langs dei offentlege vegane innanfor planområdet.

Born skal i planen ha tilgjenge til store gode areal der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Nettopp med dei gode tilboda innanfor planområdet og i nærområda ligg tilhøva godt til rette for eit godt oppvekstmiljø. Her vil moglegheitene til ulike typar leik variere med årstidene.

Forslagsstillar meiner at reguleringsplanen legg gode føringar for ei utvikling av området med ny skule som føremål. Ein vil leggje til rette for ei eigna tomt for skulebygg, samt sikre gode uteopphaldsareal for elevar og barn ved skule og barnehage. Det skal leggst til rette for fortau og gangveggar i tillegg til sykkelparkering.

Ved regulering av området har ein lagt vekt på å sikre at mjuke trafikkantar skal kunne ha eit trygt og godt tilbod. Ein ynskjer å skilje ulike former for trafikk fysisk med eigne trafikkareal for henting/bringning.



## Danielsen Skule

Detaljregulering:  
gnr. 23, bnr. 1 m.fl.  
Planid: 125620110005  
Meland kommune

Tiltakshavar:  
Nordhordland Indremisjon

Konsulent:  
Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen  
+47 55 31 95 00  
[www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no)

Prosjektleder:  
Jan Espen Vik

Medarbeidare:  
Sandra Aleksejeva  
Kari Johannesen

Layout:  
Jørgen Håland